



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# TILSYNSRAPPORT

- A Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa
  
- B Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging

Forsand kommune – Forsand skule

## Innhold

1. Innleiing .....	4
2. Om tilsynet med Forsand kommune – Forsand skule .....	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular .....	4
2.2 Tema for tilsynet - del A.....	4
2.3 Tema for tilsynet - del B.....	5
2.4 Om gjennomføringa av tilsynet .....	6
2.5 Eigenvurdering .....	6
2.6 Gangen i tilsynet.....	6
<b>A Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.....</b>	<b>7</b>
3. Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag.....	7
3.1 Rettslege krav .....	7
3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	8
3.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	8
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon .....	10
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte.....	11
4.1 Rettslege krav .....	11
4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	12
4.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	12
4.4 Fylkesmannen sin konklusjon .....	13
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning .....	13
5.1 Rettslege krav .....	13
5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	14
5.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	14
5.4 Fylkesmannen sin konklusjon .....	14
6. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring.....	15
6.1 Rettslege krav .....	15
6.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	15
6.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	15
6.4 Fylkesmannen sin konklusjon .....	16
<b>B Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging.....</b>	<b>17</b>
7. Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak.....	17
7.1 Rettslege krav .....	17

7.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	18
7.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	18
7.4 Fylkesmannen sin konklusjon .....	19
8. Enkeltvedtak om spesialundervisning .....	19
8.1 Rettslege krav .....	19
8.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	20
8.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	20
8.4 Fylkesmannen sin konklusjon .....	23
9. Enkeltvedtak om særskilt språkopplæring .....	23
9.1 Rettslege krav .....	23
9.2 Fylkesmannen sine undersøkingar.....	24
9.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	24
9.4 Fylkesmannen sin konklusjon .....	25
10. Frist for retting av lovbrod .....	26
Oversikt over innsendt dokumentasjon .....	29

## **1. Innleiing**

Fylkesmannen opna 27.01.15 tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulen sin forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging ved Forsand skule i Forsand kommune.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell<sup>1</sup> knytt til tilsynet, og Fylkesmannen gjennomførte informasjons- og rettleiingssamling 03.03.15.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

Tilsynet har avdekt lovbrøt. Den førebelse tilsynsrapporten gir eit førehandsvarsel om at Fylkesmannen kan vedta å påleggje kommunen retting av lovbrøta, jf. forvaltningslova § 16. I den endelege tilsynsrapporten får Forsand kommune rimeleg frist til å rette lovbrøta før vi eventuelt vedtek pålegg om retting.

Forsand kommune hadde høve til å kommentere den førebelse tilsynsrapporten, jf. forvaltningslova § 16, og frist for tilbakemelding var 24.06.15. Fylkesmannen har ikkje fått kommentarar frå Forsand kommune, og den endelege tilsynsrapporten er dermed lik den førebelse tilsynsrapporten.

## **2. Om tilsynet med Forsand kommune – Forsand skule**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular**

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det som er lovpålagt, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sine tilsyn med skular er utøving av mynde, og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltninga.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsette i medhald av denne lova som er brotne.

### **2.2 Tema for tilsynet - del A**

Temaet for tilsynet er retta mot kjerneverksemda ved skulen: skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna føremålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte.

---

<sup>1</sup> [http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/\\_Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/](http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/_Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/)

Hovudpunkt i tilsynet vil vere

- skulen sitt arbeid med opplæringa i fag
- undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- vurdering av behov for særskilt språkopplæring

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar sørgjer for at elevane

- får kjennskap til, og opplæring i måla i læreplanen
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp, og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert evnene sine, eller får lite utbytte av opplæringa.

### **2.3 Tema for tilsynet - del B**

Denne delen av tilsynet er skulen sin forvaltningskompetanse i avgjerder om særskilt tilrettelegging av opplæringa. Særskilt tilrettelegging for elevar inneber ofte avvik frå det ordinære opplæringstilbodet og er enkeltvedtak etter lova.

Hovudpunkt i tilsynet vil vere

- generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak
- enkeltvedtak om spesialundervisning
- enkeltvedtak om særskilt språkopplæring

Det overordna føremålet med det nasjonale tilsynet er å medverke til at elevar får eit godt utbytte av opplæringa. For å sikre dette for alle elevar, er elevar med behov for særskilt tilrettelegging gitt egne rettar i opplæringslova.

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar sørgjer for at skulen

- sikrar eleven sin rettstryggleik gjennom å involvere elevar og foreldre i vurderingane før skolen tek avgjerder om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet
- følgjer reglane for innhald i enkeltvedtak
- sørgjer for å vurdere og kartleggje eleven sitt behov på ein fagleg forsvarleg måte
- gjer vedtak som gir gode føringar for å leggje til rette innhaldet i opplæringa

Manglande forvaltningskompetanse i avgjerder om særskilt tilrettelegging av opplæringa kan føre til at elevane ikkje får sikra rettane sine. Det kan òg føre til at avgjerdene ikkje gir gode faglege føringar for innhaldet i opplæringa. Elevane står då i fare for å få ei opplæring som ikkje gir eit forsvarleg utbytte.

Det er berre utvalde delar av saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak som blir kontrollerte i tilsynet. Opplæringslova og forskrift til lova har òg krav som gjeld spesialundervisning, punktskriftopplæring og særskilt språkopplæring som ikkje er inkluderte i dette tilsynet.

## **2.4 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsynet med Forsand kommune vart opna gjennom brev datert 27.01.15. Fylkesmannen har med heimel i kommunelova § 60 c kravd at kommunen legg fram dokumentasjon.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og intervju.

## **2.5 Eigenvurdering**

Dokumentasjonen skulen har sendt inn er hovudsakleg valt ut for å underbygge svara rektor og lærarar har gitt i eigenvurderingsskjema. Føremålet med eigenvurdering er mellom anna å setje i gang endringsprosessar på skulen og hos skuleeigar på dei områda eigenvurderinga konkluderer med manglande regeletterleving. Eigenvurderinga er med det også meint å ha ein kompetansehevande funksjon.

Når eigenvurderingsskjema etter dette blir omtala i tilsynsrapporten, nyttar Fylkesmannen kortforma EVS.

Innhaldet i EVS er knytt opp til temaet for tilsynet. Lærarar og rektor har svart «ja» eller «nei» på spørsmåla som vert stilte i EVS. Svara måtte underbyggjast med skriftleg dokumentasjon. Dokumenta det blei vist til i EVS, og anna dokumentasjon Fylkesmannen bad om, er den dokumentasjonen Fylkesmannen har vurdert i tilsynet.

## **2.6 Gangen i tilsynet**

27.01.15	Opning av tilsynet
03.03.15	Rettleiing/opningsmøte
27.03.15	Frist for gjennomføring av eigenvurdering og innsending av dokumentasjon
05.05.15	Intervju (rektor, lærarar og elevar)
05.06.15	Førebels tilsynsrapport og varsel om pålegg
09.06.15	Sluttmøte
24.06.15	Frist for å gi merknader til varsel og førebels rapport
10.08.15:	Endeleg tilsynsrapport
20.11.15:	Frist for retting av lovbrøt

# A Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

## 3. Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag

### 3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for skulen sitt arbeid med opplæringa i fag. Vi viser også til kva reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skulen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova § 2-3.

*Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga.*

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, og kva som er grunnlaget for denne vurderinga, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skulen slik at det vert sikra at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

*Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For dei fleste faga i grunnskulen er kompetansemåla førte opp etter hovudtrinn. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unntak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal då gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skolen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

*Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning skal ha IOP.*

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP kva tidsrom han gjeld for.

*Innhaldet i IOP skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.*

IOP skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan innebere at måla for opplæringa avviker frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen eller kommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gi tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gir eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik må grunngis. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP. IOP kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtak.

*IOP må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avviker frå LK06, og skulen må ha ein implementert rutine som sikrar at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen.*

Reglane om innhaldet i opplæringa gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetalet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning inneber avvik frå LK06, eller har færre/enklare kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP. Det må òg komme klart fram i kva fag eller delar av fag eleven skal følgje ordinær opplæring i klassen. Skulen må ha ein skriftleg framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng. Framgangsmåten må vere innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP og for å gjennomføre opplæringa.

### **3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar**

Rektor, lærarar i norsk, engelsk og matematikk, og lærarar med ansvar for spesialundervisning har fylt ut eigenvurderingsskjema (EVS) der dei grunngir kvifor dei meiner at dei oppfyller, eventuelt ikkje oppfyller, krava til opplæring og elevvurdering gjennom vedlagt dokumentasjon. Desse, saman med plandokument, rutinar, og intervju, dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar. Skulen har også lagt fram sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar for ni elevar. Det ligg også føre tre vedtak om særskilt språkopplæring.

### **3.3 Fylkesmannen sine vurderingar**

Fylkesmannen skal med utgangspunkt i dei rettslege krava vurdere om rektor sikrar at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget, og om rektor sikrar at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Av EVS og intervju går det fram at dokumentet *Felles standard for god klasseleiing* er eit sentralt dokument for skulen sitt pedagogiske arbeid. Det går fram av denne standarden at *Mål*

for timen vert skrive/vist på tavla. Dokumentet *Rutine for vurdering* i skulen inneheld også informasjon om at mål skal vere *synleg på tavla eller arbeidsplan*. I dette dokumentet blir det presisert at måla skal vere *forankra i LK06*. Av intervju og EVS går det fram at dette også er tema i leiinga si skulevandring og i medarbeidersamtalar.

Skulen kan bruke mange typar innhald i opplæringa, og skulen må i det lokale arbeidet med læreplanar velje og prioritere kva skulen vil bruke. Av EVS og intervju går det fram at Forsand skule har valt lærebøker som skulen meiner dekkjer alle kompetansemåla. Fylkesmannen vil peike på at lærebøkene i seg sjølv ikkje er nokon garanti for at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget. Det må altså noko meir til for at krava om at rektor sikrar at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget, og om rektor sikrar at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet, blir oppfylte: Læreplanane i Kunnskapsløftet føreset at skulen forankrar, vidareutviklar og tilpassar kompetansemåla lokalt. Forsand skule har mellom anna lagt fram års- og halvårsplanar i fleire fag og for ulike klassetrinn. Det går i liten grad fram korleis dei ulike emna i desse planane er knytte til kompetansemåla i læreplanane. Det er dermed heller ikkje mogleg for Fylkesmannen å sjå om opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinna. Gjennom intervju kom det også fram at skulen ikkje har skriftlege rutinar som sikrar at alle kompetansemåla på hovudtrinna blir dekte.

Rektor skal også sikre at opplæringa dekkjer dei individuelle opplæringsmåla i individuell opplæringsplan. Dette skjer mellom anna ved at lærarane skriv halvårs-/årsrapportar, og at rektor får desse til gjennomlesing.

Fylkesmannen si vurdering, med bakgrunn i det som er nemnt ovanfor, er at rektor ikkje fullt ut sikrar at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget. Rektor sikrar heller ikkje at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet. Det er vidare Fylkesmannen si vurdering at rektor sikrar at opplæringa dekkjer dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Intervju av både rektor, lærarar og elevar viser at elevane er kjende med at undervisninga har mål. Fylkesmannen kan likevel ikkje sjå at måla i alle tilfella er relaterte til kompetansemåla i læreplanen, eller er eigna til å fremje kompetanse ein spør etter her. Svar frå intervju viser at elevane i nokon grad veit kva faglærar legg vekt på i vurderinga, og på den måten kva som er vurderingsgrunnlaget. Dette kravet inneber likevel at det faglærer legg vekt på, skal vere basert på kjende vurderingskriterium som kan utleiast av kompetansemåla. Når det ikkje alltid er mogleg å finne att kompetansemåla bakom måla for den einskilde opplæringsøkta eller – perioden, vil vurderingskriteria heller ikkje alltid vere knytte til mål frå læreplanen.

Med bakgrunn i det som er nemnt ovanfor, og med utgangspunkt i at det er kompetansemåla i læreplanverket elevane har rett til å kjenne til, er det Fylkesmannen si vurdering at rektor ikkje sikrar at lærarane tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga.

Som tidlegare nemnt, har Forsand skule lagt fram ni individuelle opplæringsplanar for tilsynet. *Rutine for utarbeiding av dei juridiske dokumenta IOP og årsrapport* inneheld informasjon om at *når sakkunnig vurdering og enkeltvedtak ligg før på at elev skal ha*

*spesialundervisning, skal det ut frå enkeltvedtaket skrivast IOP på spesialundervisningsdelen før opplæringa tek til.* Intervjua stadfester at det alltid blir utarbeidd IOP når ein elev har fått vedtak om spesialundervisning. Fylkesmannen si vurdering er at Forsand skule kvart år utarbeider IOP for alle elevar som har rett til spesialundervisning.

Av dei rettslege krava går det fram at innhaldet i IOP skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa. Det vil seie at omfanget, det konkrete innhaldet, eventuelle avvik frå læreplanverket, organiseringa og kompetansen hos undervisningspersonalet skal vere i samsvar med det som er fastsett i enkeltvedtaket. Så langt Fylkesmannen kan sjå, samsvarar innhaldet i dei fleste IOP-ane med enkeltvedtaka, med unntak av tre. I dei to første av desse tre IOP-ane er det etter Fylkesmannen si vurdering presisert faglege aktivitetar som ikkje går fram av enkeltvedtaka, medan det i den tredje IOP-en ikkje er samsvar mellom årstimane med pedagog/spesialpedagog som er oppgitt i enkeltvedtaket, og timetalet for pedagog/spesialpedagog som er oppgitt i eleven sin IOP. Fylkesmannen si vurdering er derfor at innhaldet i IOP ikkje alltid samsvarar med innhaldet i enkeltvedtaket.

Slik Fylkesmannen les IOP-ane som er lagde fram for tilsynet, har nokre elevar opplæring som avvik frå kompetansemåla i læreplanverket. Så langt Fylkesmannen kan sjå, er det i desse sakene utarbeidd egne mål for heile eller deler av opplæringa.

Det er også eit rettsleg krav at skulen må ha ein implementert rutine som sikrar at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen. Forsand skule har lagt fram for tilsynet dokumentet *Rutine for utarbeiding av dei juridiske dokumenta IOP og årsrapport* som inneheld rutinar for IOP-arbeid. Her går det fram under punkt tre at *IOP bør koplant opp mot planar for klassen (tema) med mindre eleven må ha avvikande opplæringsmål.* Gjennom EVS og intervju blei det likevel stadfesta at dette ikkje er ein implementert rutine ved skulen.

### **3.4 Fylkesmannen sin konklusjon**

Rektor sikrar

- ikkje fullt at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i fag
- ikkje at undervisningspersonalet tar vare på eleven sin rett til å kjenne mål for opplæringa, kva som blir lagt vekt på i vurderinga av kompetansen og kva som er grunnlaget for vurderinga
- ikkje at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet
- at opplæringa dekkjer individuelle mål fastsette i IOP

Forsand skule

- utarbeider kvart år IOP for alle elevar som har rett til spesialundervisning
- sikrar ikkje alltid at innhaldet i IOP samsvarar med innhaldet i enkeltvedtaket
- utarbeider egne mål for opplæringa der denne avvik frå kompetansemåla i læreplanverket
- har ikkje ein implementert rutine som sikrar at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen

## 4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

### 4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt utbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva reglar i opplæringslova eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Elevane skal få rettleiing i kva kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP opplæringa er knytte til.*

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er føremålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

*Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.*

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

*Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin.*

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gi god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Undervegsvurdering skal medverke til at eleven aukar kompetansen sin i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal elevane få løpande og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngiven informasjon om kompetansen til eleven og skal givast med sikte på fagleg utvikling.

*Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.*

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må sørge for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

*Skulen må ha ein implementert rutine for halvårsvurdering og årsrapportering ved spesialundervisning, der det blir gitt informasjon om eleven sin kompetanse i faga, og rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin.*

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal òg gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn skal

elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden, og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn skal elevane i tillegg ha halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden, og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gi vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for at elevane får halvårsvurderingar og årsrapportar på riktige tidspunkt, og at dei har eit innhald i samsvar med forskrifta.

#### **4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar**

Grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er som nemnt under 3.2.

#### **4.3 Fylkesmannen sine vurderingar**

Planar for opplæringa i dei ulike faga, med unnatak av matematikk, jf. *Lokal læreplan i matematikk for 8.-10.klasse på Forsand skule*, nyttar i liten grad kompetansemåla, eller mål for opplæringa som kan relaterast til desse. Det har heller ikkje blitt synleggjort frå skulen si side korleis lærarane eventuelt nyttar *mål ift. læreplan [som] står i innleiing til kvart kap. i lærebøkene*. Planar og intervju viser at måla og opplæringa ikkje alltid har ein tydeleg og sporbar samanheng med måla i læreplanane. Når lærarar på ein slik måte rettar fokus vekk frå den kompetansen ein spør etter i fagplanen, vil også det ein legg vekt på i vurderinga av eleven sin kompetanse lett bli noko anna enn det som må reknast som relevant sett i lys av fagplanen. Fylkesmannen er av den oppfatning at lærarane formidlar til elevane kva dei legg vekt på i vurderinga, at dei gir informasjon og rettleiing både om kompetansen eleven har, og kva eleven må gjere for å betre kompetansen sin. Likevel omhandlar denne rettleiinga i fleire høve kompetanse som er på sida av kva som blir kravd etter lov og forskrift. Dette gjeld også for elevar som har individuelle opplæringsplanar i eitt eller fleire fag.

Elevane skal involverast i eige læringsarbeid og skal kunne vurdere eigen kompetanse i faget. Fleire lærarar har gjort eit arbeid med å trekkje elevane inn i dette. Elevane skal likevel kunne gjennomføre ein eigenvurdering av kompetansen sin slik den er i høve til måla i læreplanen, etter vurderingskriterium som er utleia av desse. I dei tilfella der faglærar ikkje nyttar kompetansemål som mål for opplæringa, og vurderingskriterium som ikkje kan sjåast som relevante i høve til fagplanen, vil heller ikkje elevane bli sette i stand til å vurdere seg sjølve.

Forsand skule har lagt fram dokumentet *Rutine for vurdering i skulen – Forsand skule* for tilsynet. Dette dokumentet inneheld informasjon om *Halvårsvurdering og årsrapport*. Intervjua stadfestar at det blir gitt halvårsvurderingar utan karakter for elevane på barnetrinnet, og halvårsvurdering utan og med karakter for elevane på ungdomstrinnet. Skulen har også lagt fram dokumentet *Rutine for halvårsrapport/årsrapport* for tilsynet. Av dette dokumentet går det fram at *T-time-lærar skriv om grad av måloppnåing og eleven si utvikling*. Intervju og innsendt dokumentasjon bekreftar at elevar med IOP får ein halvårleg/årleg rapport som seier noko om kor langt eleven er komen i høve til måla og vegen vidare.

#### 4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- Lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva kompetansemål opplæringa er knytt til.
- Lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faga.
- Lærarane gir ikkje alltid elevane tilbakemelding på kva dei meistrar i faga.
- Lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga.
- Lærarane sørgjer ikkje alltid for å involvere elevane i eige læringsarbeid.
- Skulen har ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for at elevane får halvårsvurderingar og årsrapportar.

### 5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

#### 5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser òg til kva reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skulen må ha ein implementert rutine som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.*

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein innarbeidd og skriftleg framgangsmåte for systematisk og løpande å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

*Skulen må ha ein implementert rutine som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurderte for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Skulen må òg vurdere, og eventuelt gjennomføre, tiltak innafor tilpassa opplæring.*

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må vere skriftleggjort og innarbeidd. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

*Skulen må ha ein implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.*

I nokre tilfelle vil skulen si vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har då krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gi spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt. Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og plikt til å melde frå til rektor når det er

behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for å vurdere og melde behov for spesialundervisning.

### **5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar**

Svar på spørsmål under dette hovudområdet har vore å finne i *Rutine for vurdering*, *Rutine for spes.ped.teamet* og *Kartleggingsprøvar 2014-2015*, i tillegg til intervju.

### **5.3 Fylkesmannen sine vurderingar**

Dokumenta som er nemnde under punkt 5.2, viser at skulen har rutinar som sikrar at lærarane systematisk kartlegg elevane sin kompetanse på ulike område, og på den måten undersøker om dei har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. I tillegg blir det gjennomført halvårssamtalar med spes.ped.teamet om elevar som har ulike utfordringar.

Etter Fylkesmannen si vurdering har det i nokon grad kome fram kva tiltak som kan vere aktuelle å setje inn innanfor den ordinære opplæringa når ein gjennom ulike kartleggingar har avdekt at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Døme på slik tiltak som kom fram gjennom intervju er ytterlegare kartlegging, ekstra styrking, intensivkurs og endring av læringssituasjonen avhengig av kva den faglege utfordringa består i. I tillegg er rettleiing og samarbeid med spes.ped.teamet på skulen og tilvising til PPT tiltak som blir sette i verk.

Det er også Fylkesmannen si vurdering at *Rutine for spes.ped.teamet* inneheld rutinar som viser at skulen skal gjere ei vurdering av arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljøet i ei gruppe der ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Intervjua viser at lærarane gjer slike vurderingar i eigne klassar, og gjennom dialog med kollegaer.

Av dei rettslege krava går det fram at skulen må ha ein implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og for å sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor. *Rutine for vurdering* inneheld opplysningar om at *læraren har plikt til å melde frå til rektor/spes.ped.team [dersom] eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa og læraren meiner eleven har behov for spesialundervisning*. Intervju stadfestar at dette blir gjennomført i praksis.

Fylkesmannen si vurdering er at skulen har implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og for at lærarane melder behov om spesialundervisning til rektor.

### **5.4 Fylkesmannen sin konklusjon**

- Forsand skule har implementere rutinar som sikrar at lærarane systematisk vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- Forsand skule har ei rutine som sikrar at det blir gjennomført ei vurdering av arbeidsmåtar, vurderingspraksis eller læringsmiljø for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- Forsand skule har implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning.
- Lærarane melder behov om spesialundervisning til rektor.

## **6. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring**

### **6.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava som gjeld for skulen sitt arbeid med å vurdere behov for særskilt språkopplæring. Vi viser òg til kva reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skulen må ha ein implementert rutine for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskilt norskopplæring må implementert rutine også sikre at det blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.*

Elevar i grunnsopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskilt norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære opplæringa i skulen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av eleven sin dugleik i norsk blir gjort før vedtaket om særskilt språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må òg vurdere om eleven har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein innarbeidd og skriftleg framgangsmåte som sikrar dette.

*Elevar med vedtak om særskilt språkopplæring skal få kartlagt dugleiken sin i norsk undervegs i opplæringa.*

Skulen skal òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8, for å vurdere om eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

### **6.2 Fylkesmannen sine undersøkingar**

Fylkesmannen sitt dokumentasjonsgrunnlag er skulen si *Rutine for særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar*, individuelle opplæringsplanar og vedtak om særskilt språkopplæring, i tillegg til intervju.

### **6.3 Fylkesmannen sine vurderingar**

Av dei rettslege krava går det fram at skulen må ha ein implementert rutine for å kartleggje minoritetsspråklege elevar sin dugleik i norsk. Forsand skule har lagt fram for tilsynet *Rutine for særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar*. Av dette dokumentet går det fram at kartlegging skal gjennomførast før det blir gjort vedtak om særskilt språkopplæring. Fylkesmannen les dokumentet slik at skulen skal bruke kartleggingsmateriellet *Språkkompetanse i grunnleggjande norsk* før enkeltvedtak blir fatta. Fylkesmannen kan ikkje sjå av dokumentasjonen som er sendt inn at elevane er kartlagde med eigna kartleggingsverktøy før vedtak blir fatta. Jamleg vurdering av eleven sin kompetanse i høve til kompetansemåla i læreplanen for grunnleggjande norsk er ikkje tilstrekkeleg til å innfri kravet om kartlegging.

Av dei rettslege krava går det også fram at *for elevar med behov for særskilt norskopplæring må implementert rutine også sikre at det blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring*. I skulen sin rutine heiter det at *det skal i*

*tillegg vurderast om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Av EVS går det fram at dette etter rutinen skal vurderast, men av intervju gjekk det fram at skulen ikkje har tilbod om tospråkleg fagopplæring og/eller morsmål.*

*Det går fram av Rutine for særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar at lærar skal jamleg vurdere om eleven har oppnådd dugleik til å følgje vanleg undervisning. Vurderinga skal gjerast i høve til kompetansemåla i læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar. Fylkesmannen ser at i to av tre innsendte rapportar har vurderinga blitt gjort i høve til kompetansemåla i læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, medan det i den tredje rapporten har blitt nytta andre kartleggingsmetodar, jf. det som er skrive ovanfor i første avsnitt under punkt 6.3.*

#### **6.4 Fylkesmannen sin konklusjon**

Rektor sikrar

- ikkje at skulen har ei implementert rutine for å kartleggje elevane sin dugleik i norsk
- ikkje at skulen har implementert rutinar for å vurdere om elevar med rett til særskilt språkopplæring, også kan ha behov for tospråkleg fagopplæring eller opplæring i morsmålet
- ikkje at elevar med særskilt språkopplæring blir kartlagde undervegs

## **B Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging**

### **7. Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak**

#### **7.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava som gjeld generelt for saksbehandling ved enkeltvedtak. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova eller forvaltningslova krava er knytte til.

*Elevar og foreldre skal varslast før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet.*

Dersom foreldra eller elevane ikkje alt har uttalt seg i saka, skal dei varslast før skulen gjer eit vedtak. Dei skal ha høve til å uttale seg innan ein nærmare fastsett frist, jf. forvaltningslova § 16. Skulen skal gi førehandsvarslet skriftleg.

Varslet til foreldra gjeld for elevar under 18 år. Når eleven er over 15 år, skal skulen varsle eleven sjølv om eleven er representert av foreldra. Skulen kan la vere å varsle dersom eleven eller foreldra har

- søkt eller bedt om vedtaket
- hatt høve til å gi sine synspunkt i saka
- fått kjennskap på annan måte til at skulen skal gjere eit vedtak og har hatt rimeleg tid til å uttale seg

*Førehandsvarslet skal gjere greie for kva saka gjeld, gi opplysningar om kva føresegner i lova vedtaket byggjer på og kva forhold ved eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtaket.*

Førehandsvarslet skal innehalde det som er nødvendig for at elevar og foreldre kan ta vare på interessene sine på ein forsvarleg måte, jf. forvaltningslova § 16. Varslet må derfor innehalde dei faktiske forholda: Kva det varsla vedtaket vil innebere for eleven, kva type avvik frå ordinær opplæring det dreier seg om og kva forhold som er grunnlaget for vedtaket.

*Enkeltvedtaket skal innehalde grunngiving for vedtaket ved å vise til heimelen, faktiske forhold som er lagde til grunn, og kva omsyn som er vektlagde.*

Eleven eller foreldra har rett til å klage på enkeltvedtaket. For å gi eleven eller foreldra eit reelt høve til å argumentere for sitt syn, må vedtaket vere skriftleg og grunngitt, jf. forvaltningslova §§ 24 og 27. Grunngivinga skal vise til dei reglar og faktiske forhold vedtaket byggjer på, og kva omsyn skulen har lagt mest vekt på, jf. forvaltningslova § 25. Skulen treng ikkje å grunngi vedtaket dersom vedtaket godkjenner ein søknad, og skulen ikkje har grunn til å tru at eleven og foreldra vil vere misnøgde med vedtaket.

*Enkeltvedtaket skal innehalde informasjon om høve til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.*

Det er eit krav at brevet med enkeltvedtaket skal opplyse om dei formelle forholda som gjeld dersom eleven eller foreldra vil klage, jf. forvaltningslova § 27. Nærmare reglar for saksbehandling ved klage går fram av forvaltningslova §§ 27-32. Skulen må opplyse om at klagefristen er tre veker frå eleven eller foreldra får vedtaket, at klagen skal sendast til skulen,

og kven som er klageinstans. Klageinstans ved ulike typar enkeltvedtak går fram av opplæringslova § 15-2.

*Enkeltvedtaket skal innehalde informasjon om retten til å sjå saksdokumenta.*

Foreldra og elevane har rett til å gjere seg kjende med dokumenta som inngår i saka, jf. forvaltningslova § 27. Brevet om enkeltvedtaket skal informere om denne retten. I nokre tilfelle har skulen grunn til å gjere unntak frå innsynsretten. Nærmare om innsynsretten og unntak frå innsyn går fram av forvaltningslova §§ 18 og 19.

## **7.2 Fylkesmannen sine undersøkingar**

Forsand skule har lagt fram sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar for ni elevar, og vedtak om særskilt språkopplæring for tre elevar. Desse, saman med plandokument, rutinar og intervju dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

## **7.3 Fylkesmannen sine vurderingar**

Som det går fram av dei rettslege krava ovanfor, skal elevar og foreldre varslast før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet. For Forsand skule sin del gjeld dette varsling av enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova, og varsling av enkeltvedtak om særskilt språkopplæring etter § 2-8 i opplæringslova. Av intervju og EVS går det fram at skulen ikkje fattar enkeltvedtak om spesialundervisning utan at det ligg føre ei sakkunnig vurdering som dei føresette har samtykka til. Etter Fylkesmannen si vurdering inneber dette at foreldra har fått kjennskap til at skulen vil fatte eit vedtak, og at dei har fått rimeleg tid til å uttale seg. Det vil då ikkje vere nødvendig å varsle skriftleg om at skulen vil gjere vedtak i saka.

Når det gjeld varsling av enkeltvedtak om særskilt språkopplæring, gjekk det fram av intervju at foreldra får munnleg beskjed om at skulen vil fatte vedtak om dette. Fylkesmannen vurderer også her at dette inneber at foreldra har fått kjennskap til at skulen vil fatte eit vedtak, og at dei har fått rimeleg tid til å uttale seg. Det vil då ikkje vere nødvendig å varsle skriftleg om at skulen vil gjere vedtak.

Det går fram av dei rettslege krava ovanfor at eit enkeltvedtak skal innehalde grunngiving for vedtaket ved å vise til heimelen. Forsand skule har lagt fram ni vedtak om spesialundervisning for tilsynet. Av desse vedtaka går det fram at heimelen for vedtaket er § 5-1 i opplæringslova, og paragrafen er også sitert i vedtaka. Når det gjeld heimelen for vedtak om særskilt språkopplæring, viser skulen til deler av § 2-8 i opplæringslova. Etter Fylkesmannen si vurdering er det ikkje vist til alle relevante deler av § 2-8 i samband med skulen sine enkeltvedtak om særskilt språkopplæring, jf. forvaltningslova § 25 første ledd.

Dei neste krava til grunngivinga er at ho skal innehalde dei faktiske forholda som er lagt til grunn i enkeltvedtaket, og vise kva omsyn som er vektlagde. Ved enkeltvedtak om spesialundervisning kan det, dersom den sakkunnige vurderinga er klar, vere tilstrekkeleg å vise til denne. For at dette kravet skal vere oppfylt, må ho tilfredsstillе dei innhaldsmessige krava i opplæringslova § 5-3 første og andre ledd. Vedtaka skulen har lagt fram for tilsynet

viser til sakkunnig vurdering. Fylkesmannen si oppfatning er derfor at Forsand skule har grunnlagt enkeltvedtaka om spesialundervisning.

For enkeltvedtak om særskilt språkopplæring gjeld dei same formelle krava som for vedtak om spesialundervisning, bortsett frå kravet til sakkunnig vurdering. Kravet er i staden at eleven sin norskkunnskap skal kartleggjast, og resultatet frå kartlegginga skal tene som grunngeving for vedtaket. Omfang og tilbod skal dessutan vere grunnlagt ut frå resultatata i kartlegginga. I *Rutine for særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar* går det fram at *kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring*. Vedtaka som Forsand skule har lagt fram for tilsynet, og som gjeld for skuleåret 2014/2015, viser likevel ikkje til kartleggingar som er gjennomførte. Fylkesmannen si vurdering er at Forsand skule ikkje har grunnlagt enkeltvedtaka om særskilt språkopplæring som gjeld for skuleåret 2014/2015.

Dei rettslege krava viser at eit enkeltvedtak skal innehalde informasjon om høve til å klage, klagefrist, klageinstans, framgangsmåte ved klage og informasjon om retten til å sjå saksdokumenta. Vedtaka som skulen har lagt fram for tilsynet, både dei som gjeld spesialundervisning og dei som gjeld særskilt språkopplæring, inneheld dette.

#### **7.4 Fylkesmannen sin konklusjon**

- Forsand skule tilfredstiller kravet i forvaltningslova § 16 om førehandsvarsling av vedtak
- Forsand skule grunnlagir enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Forsand skule grunnlagir ikkje enkeltvedtak om særskilt språkopplæring.
- Forsand skule informerer om høve til å klage, klagefrist, klageinstans, og framgangsmåte ved klage i enkeltvedtaka
- Forsand skule informerer om retten til å sjå saksdokumenta i enkeltvedtaka

## **8. Enkeltvedtak om spesialundervisning**

### **8.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava i tilsynet som gjeld for enkeltvedtak om spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova eller forvaltningslova krava er knytte til. Krava kjem i tillegg til dei generelle saksbehandlingsreglane som er omtalte i kapittel 3.

*Foreldre eller elevar over 15 år skal gi samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning.*

Skulen må få samtykke frå foreldra til elevar under 15 år før PPT set i gang ei sakkunnig vurdering av behovet for spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-4. Elevar som har fylt 15 år, skal sjølve gi samtykke i saker om spesialundervisning og om foreldra skal bli orienterte, føresetnaden er at eleven er samtykkekompetent. Dersom foreldra eller eleven sjølve har bedt om spesialundervisning, ligg samtykket implisitt i søknaden.

*Foreldra eller eleven skal ha høve til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering før enkeltvedtaket blir gjort.*

Foreldra har rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før skulen gjer eit enkeltvedtak, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen kan gi avgrensingar i denne retten, jf. forvaltningslova § 19 og reglane om teieplikt. Skulen og PPT har ansvar for at samarbeidet med eleven og foreldra blir teke hand om på ein god måte på dei ulike trinna i prosessen. Foreldra må få sjå den sakkunnige vurderinga og få rimeleg tid til å uttale seg om innhaldet.

*Elevar som etter sakkunnig vurdering har behov for spesialundervisning, skal ha eit enkeltvedtak.*

Etter den sakkunnige vurderinga må skulen gjere eit vedtak. Dette gjeld både dersom skulen går med på spesialundervisning, og dersom skulen ikkje gjer det. Kravet om enkeltvedtak gjeld både når PPT tilrår spesialundervisning, og når dei ikkje tilrår dette. Ei avgjerd om spesialundervisning gjeld rett for ein bestemt person og er derfor eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.

*Avvik frå ei sakkunnig vurdering skal grunngis i enkeltvedtaket.*

Dersom skulen sitt vedtak ikkje er i samsvar med den sakkunnige vurderinga, må skulen grunngi dette. Grunngivinga skal vise kvifor eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller eleven sin rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-3. Skulen må få klart fram kva opplæringstilbodet inneber for eleven. Grunngivinga må vere slik at foreldra forstår kva vurderingar som ligg til grunn for at skulen ikkje følgjer tilrådinga i den sakkunnige vurderinga.

*Enkeltvedtaket skal innehalde opplysningar om kva omfang, innhald og organisering spesialundervisninga skal ha, og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre opplæringa.* Den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til kva som gir eit forsvarleg opplæringstilbod, til innhaldet i opplæringa og gjere greie for andre særlege forhold som er viktige for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-3. Skulen sitt vedtak om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga. Enkeltvedtaket må vise tal på timar med spesialundervisning, fag eller område for spesialundervisninga, om det skal vere avvik frå LK06, korleis opplæringa skal organiserast, og kva kompetanse personalet skal ha.

## **8.2 Fylkesmannen sine undersøkingar**

Forsand skule har lagt fram sakkunnige vurderingar og vedtak om spesialundervisning for ni elevar. Desse, saman med plandokument, rutinar og intervju, dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

## **8.3 Fylkesmannen sine vurderingar**

Av dei rettslege krava går det fram at foreldre skal gi samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behov for spesialundervisning. Det går også fram av krava at elevar over 15 år sjølve skal gi samtykke i saker som gjeld spesialundervisning. Foreldra eller eleven skal også ha høve til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering før enkeltvedtaket blir gjort.

Forsand kommune har PP-teneste saman med kommunane Strand, Hjelmeland og Finnøy. Frå PP-tenesta si nettside på [www.strand.kommune.no](http://www.strand.kommune.no) har Fylkesmannen lasta ned dokumentet *Tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste*. Av dette dokumentet går det fram at foreldra må skrive under på samtykkeerklæring før tilvisinga blir sendt til PPT. Vidare går det fram av EVS at skulen innhentar skriftleg samtykke frå foreldre før utgreiing blir sett i gang. Etter Fylkesmannen si vurdering sikrar dette at foreldre gir samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behov for spesialundervisning. Det er også Fylkesmannen si oppfatning at skjemaet ikkje sikrar at elevar over 15 år gir slikt samtykke.

Frå nettsida som er nemnt ovanfor har Fylkesmannen også lasta ned dokumentet *Informasjon om obligatoriske vedlegg ved tilvising til PPT*. Av dokumentet går det fram at *etter utgreiing blir det utarbeida ei skriftleg tilbakemelding, og dei føresette vil alltid få tilbod om muntleg tilbakemelding i tillegg til den skriftlege. PPT og heim/skule/barnhage avtaler korleis saka skal følgast opp vidare*. Etter Fylkesmannen si vurdering inneber dette at foreldra blir gjort kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga, og at foreldra blir gitt høve til å uttale seg om innhaldet i denne før enkeltvedtak blir fatta. Fylkesmannen vurderer det også slik at skulen har ei skriftleg rutine som sikrar at eleven eller foreldra får høve til å uttale seg. Men Fylkesmannen vil gjere merksam på at denne rutinen ikkje er lett tilgjengeleg for tilsette, foreldre eller elevar i og med at rutinen pr. 04.06.15 ikkje er å finne verken på nettstaden til Forsand skule eller på nettstaden til Forsand kommune.

Som det går fram av dei rettslege krava ovanfor, må skulen gjere vedtak etter at den sakkunnige vurderinga er utarbeidd. Kravet om enkeltvedtak gjeld både når PPT tilrår spesialundervisning, og når dei ikkje tilrår dette. I det tidlegare nemnde dokumentet *Informasjon om obligatoriske vedlegg ved tilvising til PPT* går det fram at *PPT sitt arbeid vil alltid resultera i en sakkunnig vurdering som må følgast opp av eit enkeltvedtak*. Vedtaka skulen har lagt fram for tilsynet viser at enkeltvedtak blir fatta etter at sakkunnig vurdering som gir rett til spesialundervisning er utarbeidd.

Det er eit rettsleg krav at avvik frå sakkunnig vurdering skal grunnigvast i enkeltvedtaket. Fylkesmannen har vurdert dei sakkunnige vurderingane og enkeltvedtaka som skulen har lagt fram for tilsynet. Fylkesmannen finn at i fem av ni vedtak er det avvik utan at det er grunnigitt kvifor det er gjort avvik:

- I vedtak 1 går det fram at spesialundervisninga skal nyttast fleksibelt til eineundervisning, i lita gruppe eller i heil klasse. Dette er ikkje i samsvar med den sakkunnige vurdering som inneheld informasjon om at spesialundervisninga skal leggast til rette ein til ein, eller i lita gruppe.
- Til grunn for vedtak 2 ligg det føre ei sakkunnig vurdering med ei tilråding på 380 årstimar med spesialundervisning med spesialpedagog, og 570 årstimar med vernepleiar/barne- og ungdomsarbeidar. Vedtaket syner at eleven får tildelt 266 årstimar med spesialpedagog/pedagog og 684 årstimar med vernepleiar/barne- og ungdomsarbeidar.

- Til grunn for vedtak 3 ligg det også føre ei sakkunnig vurdering med ei tilråding på 380 årstimar med spesialundervisning med spesialpedagog, og 570 årstimar med vernepleiar/barne- og ungdomsarbeidar. Vedtaket syner at eleven får tildelt 266 årstimar med spesialpedagog/pedagog og 684 årstimar med vernepleiar/barne- og ungdomsarbeidar.
- Av vedtak 6 går det fram at eleven mellom anna skal ha 48 årstimar med pedagog i lita gruppe. Den sakkunnige vurderinga tilrår at dei 48 årstimane blir fordelte på minst to periodar (evt. før og etter jul) og at spesialundervisninga blir gitt i lita gruppe fire dagar pr. veke i seks veker.
- Den sakkunnige vurderinga som ligg til grunn for vedtak 7 inneheld informasjon om at PPT tilrår 304 årstimar med spesialpedagog/pedagog og 1140 årstimar med assistent. Av vedtaket går det fram at eleven blir tildelt 190 årstimar med pedagog/spesialpedagog og 1254 årstimar med assistent. Det går fram av vedtaket at *timetalet er redusert noko i høve til tilrådinga*, utan at dette blir nærare grunngitt. For denne eleven er det utarbeidd ein *individuell opplærings- og deltakarplan*. Fylkesmannen ber Forsand skule merke seg kva Veilederen Spesialundervisning seier under punkt 8.3: *Mål om deltakelse er ikke i tråd med opplæringslovens bestemmelser. Det er ikke adgang til å erstatte en IOP med en såkalt individuell opplærings- og deltakelsesplan (IODP). For elever som får spesialundervisning skal det utarbeides en IOP.*

Eit enkeltvedtak skal innehalde opplysningar om kva omfang, innhald og organisering spesialundervisninga skal ha, og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre opplæringa.

Forsand skule har, som tidlegare nemnt, lagt fram ni vedtak om spesialundervisning. I og med at alle vedtaka legg sakkunnig vurdering til grunn, så er dei kortfatta når det gjeld opplysningar om omfang, innhald, organisering og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre opplæringa:

#### Omfang:

Vedtaka inneheld opplysningar om kor mange årstimar spesialundervisning den enkelte eleven skal ha. Fylkesmannen vurderer opplysningane om årstimar til å vere i samsvar med tidsoppgjevinga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

#### Innhald:

Når det gjeld innhaldet i spesialundervisninga, er det i fleire av vedtaka ikkje sagt noko om kva fag eleven skal ha spesialundervisning i. Fylkesmannen vil i samband med dette understreke at læreplanane og fag- og timefordelinga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet i utgangspunktet gjeld alle elevar, også dei som får eit forsterka tilbod. Det må gå klart fram av enkeltvedtaket dersom det blir gjort avvik frå fag- og timefordelinga.

Vidare vil Fylkesmannen understreke at for elevar som har behov for spesialundervisning i norsk og engelsk, bør også enkeltvedtaket avklare eleven si opplæring i faga fordjuping i engelsk eller norsk og framandspråk.

Fylkesmannen si vurdering er at enkeltvedtaka frå Forsand skule ikkje er klare og tydelege når det gjeld innhaldet i opplæringa.

#### Organisering og kompetanse:

Enkeltvedtak om spesialundervisning skal også seie noko om organiseringa av opplæringa, og om kompetansen som er nødvendig i spesialundervisninga. I dei fleste vedtaka går det fram kva organiseringsform spesialundervisninga skal ha. Fylkesmannen si vurdering er likevel at sidan fleire av vedtaka som skulen har lagt fram for tilsynet ikkje klart viser korleis opplæringa i tid blir fordelte på fag, er det heller ikkje klart korleis opplæringa blir organisert.

Fylkesmannen si vurdering er vidare at det går fram kva kompetanse som er nødvendig for å gjennomføre spesialundervisninga. Det er likevel viktig at Forsand skule merkjer seg at assistentar ikkje kan ha ansvar for spesialundervisninga.

### **8.4 Fylkesmannen sin konklusjon**

Forsand skule

- sikrar at foreldre gir samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning
- sikrar ikkje at elevar over 15 år gir samtykke til utgreiing av behovet for spesialundervisning
- har ei skriftleg rutine som sikrar at eleven eller foreldra får høve til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før enkeltvedtak blir fatta
- fattar enkeltvedtak etter at sakkunnig vurdering som gir rett til spesialundervisning er utarbeidd
- grunnir ikkje alltid avvik frå sakkunnig vurdering i enkeltvedtak
- sikrar at enkeltvedtaka er klare og tydelege når det gjeld omfang og kompetanse
- sikrar ikkje at enkeltvedtaka er klare og tydelege når det gjeld innhald og organisering

## **9. Enkeltvedtak om særskilt språkopplæring**

### **9.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava i tilsynet som gjeld for enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova eller forvaltningslova desse krava er knytte til. Krava kjem i tillegg til dei generelle saksbehandlingsreglane som er omtalte i kapittel 3.

*Elevar som har rett til særskilt språkopplæring skal ha eit enkeltvedtak.*

Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskilt norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje ordinær opplæring i skulen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må sørgje for å kartleggje eleven sin dugleik i norsk før skulen vedtek

særskilt språkopplæring. Ei avgjerd om særskilt språkopplæring gjeld rettar for ein bestemt person og er derfor eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.

*Enkeltvedtaket skal innehalde opplysningar om omfanget av opplæringa, kva læreplanar eleven skal følgje og organiseringa av opplæringa.*

Eleven skal kartleggjast før vedtak om særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8. Kartlegginga vil gi grunnlag for å vurdere behovet for språkopplæring og for å kunne ta stilling til omfanget; med det talet på timar og kor lenge, for kopling mot ordinær opplæring og eventuelt behovet for tospråkleg opplæring i fag eller morsmålsopplæring.

Kommunen må òg ta stilling til kva læreplan eleven skal bruke: læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, eller ordinær læreplan i norsk. Skulen skal bruke ein eigen læreplan for morsmålsopplæring for elevar som får slik opplæring.

Organiseringa må gå klart fram av vedtaket. Kommunen kan organisere tilbodet om særskilt språkopplæring i eigne grupper for nykomne elevar i inntil to år, jf. opplæringslova § 2-8. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. Det er ein føresetnad at skulen vurderer og konkluderer med at eiga gruppe er det beste for eleven. Denne vurderinga må komme fram av vedtaket. I vedtaket kan skulen òg gjere avvik frå læreplanverket.

*Det skal fattast enkeltvedtak om opphøyr av særskilt språkopplæring dersom skulen ikkje har gjort tidsavgrensingar i enkeltvedtaket, eller skulen ønskjer å overføre eleven til ordinær opplæring før tidsperioden i enkeltvedtaket er over.*

Dersom skulen i enkeltvedtaket om særskilt språkopplæring gjer ei tidsavgrensing av opplæringa (til dømes for eitt skuleår), er det ikkje nødvendig å fatte nytt vedtak om opphøyr av særskilt språkopplæring etter at denne tidsperioden (vedtaksperioden) er over. Eleven skal da etter utløpet av tidsperioden følgje ordinær opplæring i alle fag dersom skulen ikkje gjer nytt vedtak om meir særskilt språkopplæring. Skulen må kartlegge elevar som får særskilt språkopplæring undervegs i opplæringa, jf. opplæringslova § 2-8, for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje ordinær opplæring på skulen.

## **9.2 Fylkesmannen sine undersøkingar**

Fylkesmannen har fått tilsendt tre enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. I tillegg har vi opplysningar frå intervju.

## **9.3 Fylkesmannen sine vurderingar**

To av enkeltvedtaka Fylkesmannen har fått tilsendt har overskrifta *Enkeltvedtak – norskopplæring for minoritetsspråklege – 2014-2015*, medan eitt av dei har overskrifta *Enkeltvedtak*. Det er opplyst at heimelen som ligg til grunn for vedtaka er deler av opplæringslova § 2-8. Fylkesmannen må likevel peike på at desse vedtaka meir står fram som vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 opplæringslova: Underoverskrifter i vedtaka som *Kva for opplæring gir eit forsvarleg opplæringstilbod, Lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa og Realistiske opplæringsmål*, er formuleringar som så langt Fylkesmannen kan sjå, er henta frå opplæringslova § 5-3, og som omhandlar kva ei sakkunnig vurdering i samband med spesialundervisning skal greie ut og ta standpunkt til. For Fylkesmannen ser det ut til at vurderingane skulen har gjort om kva behov elevane har for

særskilt språkopplæring er gjort meir som ei vurdering av behov for spesialundervisning, enn som ei vurdering av behov for særskilt språkopplæring. På same måte blir det når skulen nyttar formuleringar som *Skulen må i samarbeid med føresette utarbeide IOP for undervisninga. IOPen skal konkretisera mål, omfang, organisering, innhald, arbeidsmåtar og materiell i spesialundervisninga* (vår understreking). Etter Fylkesmannen si vurdering er enkeltvedtaka fatta med bakgrunn i ei mangelfull lovforståing.

Fylkesmannen legg likevel i den vidare framstillinga til grunn at vedtaka frå skulen si side er meint som vedtak om særskilt språkopplæring etter § 2-8 i opplæringslova. Fylkesmannen sin konklusjon er derfor at Forsand skule fattar enkeltvedtak om rett til særskilt språkopplæring, sjølv om dei er fatta med bakgrunn i ei mangelfull lovforståing.

Dei enkeltvedtaka som Forsand skule har lagt fram for tilsynet er, som tidlegare nemnt, ikkje grunnlagt (kap.3.3). Skulen har ikkje konkret tatt stilling til kva læreplan elevane skal følgje, og skulen har heller ikkje konkret tatt stilling til behov for tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring. Enkeltvedtaka inneheld informasjon om kor mange timar elevane er tildelt, det går fram kor lenge vedtaket gjeld, og korleis opplæringa skal organiserast.

Det går fram av enkeltvedtaka at vedtaksperioden er skuleåret 2014/2015. Dersom skulen, med bakgrunn i kartlegging undervegs i opplæringa, ønskjer å overføre eleven til ordinær opplæring før vedtaksperioden er over, må skulen fatte vedtak om opphøyr av særskilt språkopplæring. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det har komme fram opplysningar i tilsynet som tyder på at dette har vært en aktuell problemstilling inneverande skuleår.

#### **9.4 Fylkesmannen sin konklusjon**

- Skulen fattar vedtak om særskilt språkopplæring, men ikkje med grunnlag i korrekt lovforståing.
- Enkeltvedtaka inneheld ikkje konkrete opplysningar om kva læreplan elevane skal følgje.
- Enkeltvedtaka inneheld informasjon om kor mange timar elevane er tildelt, det går fram kor lenge vedtaket gjeld, og korleis opplæringa skal organiserast.

## 10. Frist for retting av lovbrøt

Fylkesmannen har i kapitla 3 til og med 9 konstatert lovbrøt. I denne tilsynsrapporten får Forsand kommune frist til å rette lovbrøta, jf. kommunelova § 60d. Frist for retting er **20.11.15**. Kommunen må innan fristen sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing med tilhøyrande dokumentasjon som viser korleis lovbrøta er retta.

Dersom lovbrøta ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak, og kommunen har klagerett på vedtaket, jf. forvaltningslova kapittel VI. Utdanningsdirektoratet er klageinstans.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

### Skulen sitt arbeid med opplæring i fag

1. Forsand kommune må sørge for at det lokale arbeidet med læreplanar ved Forsand skule oppfyller krava til opplæringslova § 2-3, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2.

Forsand kommune må i samband med dette sjå til at

- a. rektor sikrar at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i fag
- b. rektor sikrar at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet
- c. rektor sikrar at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga.

2. Forsand kommune må sørge for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Forsand skule er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Forsand kommune må i samband med dette sjå til at

- a. innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa
- b. skulen har ein implementert rutine for å sikre at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa klassen

### Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

3. Forsand kommune må sørge for at den individuelle undervegsvurderinga ved Forsand skule medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Forsand kommune må i samband med dette sjå til at

- a. lærarane rettleier elevane om kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP som opplæringa er knytt til

- b. lærarane rettleier elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i det enkelte faget
- c. lærarane gir elevane tilbakemeldingar på kva dei meistrar i faga
- d. lærarane rettleier elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i det enkelte faget
- e. lærarane sørgjer for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid

### **Vurdering av behov for særskilt språkopplæring**

4. Forsand kommune må sørgje for at Forsand skule sikrar at elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert behovet sitt for særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8.

Forsand kommune må i samband med dette sjå til at

- a. skulen har ein implementert rutine for å kartleggje elevane sin dugleik i norsk
- b. skulen har implementerte rutinar som sikrar at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskilt norskopplæring
- c. skulen kartlegg elevane undervegs i opplæringa

### **Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak**

5. Forsand kommune må sørgje for at saksbehandlinga ved Forsand skule oppfyller krava til enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. forvaltningslova § 24.

Forsand kommune må i samband med dette sjå til at

- a. enkeltvedtak om særskilt språkopplæring inneheld grunngiving for vedtaket

### **Enkeltvedtak om spesialundervisning**

6. Forsand kommune må sørgje for at Forsand skule ved behov for spesialundervisning oppfyller opplæringslova §§ 5-3 og 5-4, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.

Forsand kommune må i samband med dette sjå til at

- a. skulen innhentar samtykke frå elevar over 15 år før dei set i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning
- b. enkeltvedtak om spesialundervisning grunngir eventuelle avvik frå den sakkunnige vurderinga
- c. enkeltvedtaket inneheld opplysningar om
  - fag og eventuelle avvik frå LK06 i spesialundervisninga

- organisering av spesialundervisninga

### **Enkeltvedtak om særskilt språkopplæring**

7. Forsand kommune må sørge for at Forsand skule ved behov for og stans i behov for særskilt språkopplæring oppfyller forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V og opplæringslova § 2-8.

Forsand kommune må i samband med dette sjå til at

- a. skulen fattar vedtak om særskilt språkopplæring med grunnlag i korrekt lovforståing
- b. enkeltvedtaket inneheld opplysningar om kva læreplan eleven skal følgje

Stavanger 10.08.15

Hjalmar Arnø  
tilsynsleiar

Una Bjørnseth Haugen  
rådgivar

Vedlegg: Oversikt over innsendt dokumentasjon

## **Oversikt over innsendt dokumentasjon:**

Eigenvurderingar frå rektor og lærarar  
Halvårsplan 1.klasse hausten 2014  
Halvårsplan 1.klasse våren 2015  
Årsplan 14/15 2.trinn  
Halvårsplan 3.klasse  
Vekeplan for 3.klasse veke 19 og 20  
Årsplan for 4.trinn 2014/2015  
Årsplan 5.klasse  
Årsplan 6.klasse  
Vekeplan for 6.trinn veke 11  
Vekeplan for 6.trinn veke 15  
Årsplan 7.klasse  
Halvårsplan for 8.klasse hausten 2014  
Halvårsplan for 8.klasse våren 2015  
Halvårsplan for 9.klasse hausten 2014  
Halvårsplan for 9.klasse våren 2015  
Halvårsplan RLE 9.klasse våren 2015  
Halvårsplan for 10.klasse hausten 2014  
Halvårsplan for 10.klasse våren 2015  
Kartleggingsprøvar 2014-2015  
Rutine for vurdering i skulen – Forsand skule  
Sjekkliste – felles standard for god klasseleiing ved Forsand skule  
Rutine for utarbeiding av dei juridiske dokumenta IOP og årsrapport  
Rutine for halvårsrapport/årsrapport  
Melding til spes.ped.koordinator ved Forsand skule  
Rutine for skriv til halvårssamtalene  
Rutine for spes.ped.teamet  
Rutine for særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar  
Forsandmodellen – plan for tilpassa opplæring 1.-4.trinn  
Vurdering – namn – klasse  
Lokal læreplan matematikk 8.- 10.trinn  
Arbeidsplan veke 12  
Arbeidsplan veke 13  
Mål frå tavla  
Vurderingskriterier i matematikk  
Undervegs- og sluttvurdering i matematikk  
Halvårsvurdering NN - 2.termin 10.klasse  
Eigenvurdering i funksjonar  
Vurdering i matematikk  
Læringsmiljøgruppa (LMG) sitt mandat  
Arbeidsinstruks for teamleiar på avdelinga for tilpassa opplæring  
Vurderingar til foreldrekonferansar våren 2015  
Målprøvar 6.klasse  
Elev-intervju vår 2015 (eigenvurdering)  
English test basic week 18  
Informasjon om obligatoriske vedlegg ved tilvising til PPT  
Tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste  
Sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialundervisning med tilhøyrande individuelle opplæringsplanar  
Vedtak om særskilt språkopplæring